

DU & EG

Send inn helsingar på e-post: helsingar@osogfusa.no eller kontakt oss på **56 30 29 50**.
Helsing med bilette (både på papir og nett) kr 125,-/utan bilette kr 50,-.



GRATULERER
JANNICHE T. LINDE
Gratulerer med dagen til verdas beste Janniche! Du er smart, engasjert, morosam og fin. Du begynner berre å bli litt gammal. Eg elskar deg!
*Helsing
sambuaren din*



16 ÅR
HELENE JOHNSEN
Hipp hurra for vår flotte datter-datter som fylte 16 år 10. april. Det var kjekt å feire dagen med deg!
*Klem fra
mormor og morfar*



13 ÅR
ESPEN
Gratulerer så mykje med tenårsdagen den 11. april.
*Stor klem fra Silje,
mammo og papen*



Min kjære Jan, vår kjære, gode pappa, svigerfar, bestefar, bror, svoger og onkel

Jan Arne Johansen

f. 04.10.1949,
døde fra oss i dag.
Os, 6. april 2018.

Gry

Christian - Lisa
Øyvind - Madelen
Espen

Barnebarn.

Søsken og øvrige familie.

Takk for alt,
hvil i fred.

Bisettelse fra
Nore Neseit kyrkje
tirsdag 17. april kl. 13.30

Minnestunden
avsluttes i kirken.



2 ÅR
AMILIA OLSEN NORDTVEIT
Vi vil gratulere solstrålen vår, Amilia, med 2-årsdagen mandag 16. april. Du stråler og smiler støtt, tenk det er alt 2 år siden du ble født. Gla' i deg! Ha en fin dag, lille venn!
Mange gode klemmer du får fra farmor og farfar

Takk

for blomster og oppmerksomhet i anledning
ASBJØRG JENSENs bortgang og begravelse.

Familien

Hjarteleg takk

for all medkjensle og deltaking ved vår kjære **KLARA KONSTANSE EIKELAND** sin bortgang og gravferd. Takk for gode ord, vakre blomar og pengegåva til Kirkens bymisjon. Takk til sokneprest Einar Ekerhovd og Liv Mette Hagen ved Fusa og Samnanger Gravferdsbyrå for god hjelp og omsorg. Ei varm takk til personalet ved FBBS og Heimesjukepleien i Fusa for god hjelp, støtte og omsorg gjennom fleire år.

Ei spesiell takk til damene i Eikelandsfjorden Husmorforening for god bevertning og hjelp i minnestunda på Eikelandsfjorden Samfunnshus.

*Venleg helsing Magnus,
Øystein, Mons Gitle, Lillian og Kristin m/familiar*

Blir ikkje å sjå på Lysekloster

Tre dagar før møtet med Lysekloster takka Ørjan Håland for seg som Varegg-trenar.

Det var Bergensavisen som melde dette onsdag ettermiddag.

36-åringen frå Os var ferdig som assistent trenar for Os A-lag i fjor haust etter at laget rykte ned til 4. divisjon. Ikkje lenge etter overtok han Varegg etter avtroppande Hiep Tran, som gjekk til Fyllingsdal.

Samansett grunn

Håland sjølv er sparsam med opplysningane om kvifor han sluttar som trenar for bergenslaget.

– Eg vil ikkje gå i detalj. Det har oppstått ein situasjon som gjorde at det vart rett for meg å takka av, seier Håland til BA.

Os og Fusaposten prata med Håland for nokre veker sidan og fekk stadfestat at det var ein utfordrande jobb han hadde takka ja til.

– Veldig mange av spelarane frå



GJEV SEG: Ørjan Håland har takka for seg i Varegg. (Foto: Arkiv)

den gong.

► Kenneth Svenningsen

kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Kyshospitalet i Hagevik gjennom 125 år

Os Sogelag skipar tysdag 17. april til ope møte i Os folkebibliotek der førsteamanuensis i historie ved Høgskolen i Bergen, Egil Ertesvaag, kjem for å fortelja om Kyshospitalet i Hagevik gjennom 125 år.

Egil Ertesvaag har tidlegare skrive bok om Kyshospitalet i Hagevik i samband med 100-års jubileet i 1993.

Han har også skrive 5. band av Strilesoga og har

vore medforfattar av flere bøker og bokverk som til dømes Bergen Byhistorie. Saman med Jo Gjerstad har han også skrive «På sporet i Bergen gjennom 100 år» - Trikkehistoria i Bergen.

Kyshospitalet i Hagevik har ei interessant historie. I 1893 sto det første hospitalet ferdig. Det første året fekk 21 vaksne og 14 born behandling. Behandlinga var i bading

i utandørsbasseng, dusj, kraftig kost og «eit sunt regime i det heile».

Sjukehuset var i oppstarten i hovudsak eit ållment sjukehus for tuberkulose pasientar og rekonvalesentar, med hovudvekt på dei tuberkuløse.

Først i 1898 fikk hospitalet fast tilsett overlege; Herman Gerhard Gade.

I 1902 busette han seg permanent ved Kyshos-

pitalet i Hagevik og heldt fram i stillinga som overlege heilt til 1946.

Har du lyst til å høyra Egil Ertesvaag fortelje meir om Kyshospitalet i Hagevik, er du hjarteleg velkommen til Os folkebibliotek tysdag kveld.

Sjá elles lysing annan stad i avis.

Styret i Os Sogelag

Kyrkjetider Os

Søndag 15. april:
Os kyrkje kl. 11.00:
Gudsteneste. Sokneprest Margrethe Holmboe Askeland.
Dåp. Nattverd.
Konfirmantar deltek.
Barnesamling. Kyrkje-kaffi. Takkoffer går til Kirkens SOS.

I forlenging av kyrkje-kaffien inviterer soknepårådet til årsmøte i Storsalen i Tunet.

Tek gjerne imot programforslag til Kystsogevekene

Årets Kystsogevekene laurdag 4. august under den store veteranbåtfestivalen Fjordsteam i Bergen. Nytt av året vert ei offisiell avslutning under skutefesten 15. og 16. september i Rosendal i Kvinnherad kommune.

I løpet av desse seks vekevert det mange små og store arrangement på både sjø og land.

Bak arrangementa står

ei rekke ulike aktørar, og for mange av desse er det no tid for å starta planlegginga av årets arrangement. For å koma med i programmet for 2018 er innsendingsfristen 10. mai, opplyser dagleg leiar i Stiftinga Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland og viser til nettsidene til Kystsogevekene.

Stiftinga Kystsogevekene er eit samarbeid mel-

lom 22 kystkommunar i Hordaland og Gulen og Hordaland Fylkeskommune for å fremja kystkultur.

– Har du idear som kan bli til gode arrangement, ta gjerne kontakt, avslutar Økland.

► Jostein Halland

jostein@osogfusa.no